

Forskrift om permisjon frå opplæringa i grunnskulen i Fjord kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Fjord kommune 20.06.24 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæring og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 2.2, 4. ledd.

§ 1. Formål og verkeområde

Formålet med forskrifta er å sikre lik behandling av søknadar om permisjon, sikre plikt og rett til grunnskuleopplæring og redusere omfanget av fråvær.

Forskrifta famnar om alle elevane i grunnskulen i Fjord kommune

Vilkåra for permisjon er regulert i opplæringslova § 2.2, 4.ledd, Plikt til grunnskuleopplæring

§ 2. Vurdering av kva som er forsvarleg

Elever kan berre få permisjon dersom opplæringa samla sett er forsvarleg.

I vurderinga av når det er forsvarleg å innvilge søknad om permisjon skal rektor ta omsyn til:

- Skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida, kartleggingsprøver, nasjonale prøver, vurderingar, munnleg og skriftleg eksamen o.l.
- Eleven sin permisjonshistorikk

§ 3. Omfang av permisjon frå pliktig opplæring

Skulen kan gje permisjon frå pliktig opplæring i inntil 10 dagar per skuleår.

Kontaktlærar kan gje permisjon i 1-3 dagar.

Rektor kan gi permisjon i 4-10 dagar per skuleår, men slik at tal permisjonsdagar totalt ikkje overstig 10 dagar i løpet av skuleåret. Grunngeving kan til dømes vere spesielle arrangement eller markeringar knytt til politisk arbeid, organisasjonsarbeid eller familie, eller deltaking ved idretts- eller kulturell konkurranse/stemne på høgt nivå.

Ved samanhengande permisjon utover 10 dagar vil skulen skrive ut eleven, og føresette må overta ansvaret for opplæringa.

Det kan ikkje reknast med at skulen vil gje eleven ekstra undervisning for å ta igjen for fråværsperioda. Føresette må avtale skulearbeid med lærarane, og sørge for at eleven får den undervisninga som er nødvendig, for at eleven kan følge med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

§ 4. Sakshandsaming

- Søknad om permisjon skal grunnjevast og sendast den enkelte skule i fastsett skjema på kommunen si heimeside seinast to veker før permisjon startar.

- Unntaket frå denne regelen er søknadar om fri 1-3 dagar. Slike søknader kan sendast direkte til kontaktlærer gjennom dei kanalar ein bruker til kommunikasjon. Kontaktlærer behandlar slike søknader ut frå dei generelle forutsetningane for å kunne søke om permisjon/fri, slik desse er beskive i dette reglementet.
- Vedtak om fritak/permisjon frå skolen er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova

§ 5. Iverksetting og endring

Forskrifta trer i kraft 01.08.2024.